


Årbok for Karmsund 1997-1998

Karmsund Folkemuseum



Haugesund 1998

Haugesund Bok & Offset A.S



*Felespelar i Torgbakken utanfor gamle Haugesund Sparebank omkr. århundreskiftet.
Foto: Karmsund Folkemuseum.*

FOLKEMUSIKKEN I KARMSUND-REGIONEN

Av: Ruth Anne Moen

Då eg fekk i oppdrag å skrive litt om folkemusikktradisjonane i Karmsund-regionen, gjekk eg til arkivet for å sjå kva eg fann der. Bokn og Utsira fann eg ingenting på, men Karmsund, Haugesund, Tysvær og Vindafjord fann eg representert i arkivet med i alt 30 informantar, alle med vokalstoff. Det varierer sjølvsagt kor mykje kvar av desse har sunge inn - det er alt frå ein liten stubb eller salmetone til Enok Olson Vestre, som bidrar med heile 68 salmar. Blant lydstoffet finst og ein del intervjumateriale, der informantane t.d. fortel om korleis dei har lært stoffet, ved kva høve dei brukte det m.m. Det finst og noko intervjustoff knytt til dans og dansespel. Ein del av dette stoffet finst på dansearkivet ved Rff-senteret (Rådet for folkemusikk og folkedans sitt arkiv) i Trondheim.

Innsamling, lyd

Den første vi kjenner til som gjorde lydopptak i området, er Holger Barkved frå Bjørheimsbygd i Strand. Han reiste rundt i store delar av Rogaland, først med noteblokk, seinare med spolebandsopptakar. Opptaka hans er frå ein periode som strekker seg over fleire år på 1950-talet, men i Karmsund-regionen har han først og fremst konsentrert seg om Enok Olson Vestre (f.1882) frå Skjold. Så har og dette vore ein kar med eit usedvanleg stort og interessant repertoar. På opptaka høyrer vi at han har ein alderdomleg syngemåte med tette forsiringar og uvandte tonehøgder.



Nedteikna e. opptak med Enok Olsen Vestre, Skjold. RFA-7148 (NFS). RAM-98



Enok Olson Vestre.


Foto: Privat eige



Henrik Kleveland, fotografert i stova hos Enok Vestre.

I tillegg har Holger Barkved gjort opptak med Eigil Lehmann, Skjold, Gurine Apeland, Tysvær og Henrik Kleveland, Øvre Vats. Alle desse syng mest berre salmar.

Den andre store av dei tidlege innsamlarane med bandopptakar var Rachel Thomassen, som reiste rundt i Rogaland i 1960 og 1961. Ho reiste på oppdrag for Norsk Musikkhistorisk Institutt ved Universitetet i Oslo. Ho har vore både på Karmøy, i Haugesund, Tysvær og Vindafjord og har fått med seg ein del forskjellig stoff. Mykje av dette er salmetonar, men ho har og fått med ein god del småstubbar, litt visestoff og endåtil shantyar.



Nedteikna e. opptak med Trygve Matland, Haugesund. RFA-7148 (NFS). RAM-98.

På midten av 1980-talet hadde Rogaland Ungdomslag ansvaret for eit dansedokumentasjonsprosjekt, i samarbeid med Egil Bakka ved Rådet for folke-

musikk og folkedans i Trondheim, etterkvart også i samarbeid med Folkemusikkarkivet. Her finst og ein god del lydmateriale, for det meste intervjustoff, men og noko song og spel .

I seinare tid har Sigbjørn Apeland drive ein del innsamlingsarbeid både på Karmøy, i Vindafjord og Ølen. Feltarbeidet har vore gjort i samarbeid med Folkemusikkarkivet for Rogaland og Arne Bjørndals samling ved Universitetet i Bergen, der Sigbjørn har vore tilsett ei tid. Han har og sett ned ein del av dette stoffet på noter. Her finn vi delvis salmar, delvis barnesullar og småstubbar.

Det er dessutan drive innsamling i regi av Folkemusikkarkivet, m.a. i Nedstrandområdet. Det er helst skillingsviser og nokre småstubbar.

Av og til dukkar det opp opptak, der informanten sjølv har teke initiativet til å ta vare på stoffet. Martin Breivik (f.1908) ifrå Skjold har sunge inn ein rekke salmetonar etter faren, Nils R.Breivik (f.1863). Desse har arkivet fått kopi av.

Eg vil og få nemne eit prosjekt ved Skudeneshavn skole, som resulterte i kassetten "Gamle fortellinger, rim og regler fra Skudenes". Det er skuleborn, som ved hjelp av driftige lærarar har leita fram lokalt stoff for bruk. Her er fleire artige småstubbar. Eit flott døme til etterfølging! (Sjå "Eva talde bodnå sine" nedanføre.)

I Imsland har Monica Haugan, rektor på Kunstsulen, ved eit par høve samla eldre og yngre songinteresserte til "kvedarsamling". På slike samlingar kan gjerne "nytt" stoff dukke opp. Kanskje er dette starten på eit nytt innsamlingsprosjekt?

To dominerande kategoriar



Nedteikna e. Ingeborg Kleiberg, Nedstrand. RAM-93.

Av alt det innsamla stoffet ser vi at det er to kategoriar som dominerer: Den eine er salmetonane - mellom desse finn vi og julesalmar og liksalmar.

Den andre er barnesullar, småstubbar - alt dette dei har funne på å synge for borna. Det er nok særleg innan denne siste kategorien det framleis er mykje ugjort når det gjeld innsamlingsarbeid.

Notenedteikningar

Så langt opptaka, der dei eldste altså stammar frå midten av 1950-åra. Så finst det ein del notenedteikningar. Holger Barkved brukte, som nemnt, noteblokka før han fekk seg opptakar. Men det har vore fleire. Klara Johannessen har skrive ned 20 ulike salmetonar, alle på Karmøy. Desse er daterte Avaldsnes 1939.



O ven-ner, vi nu at-ter skal ad-skil-les fra hver-andre- Hen-o-ve
bjer-g og dy-pen dal jeg vi-de-re må vandre- Som pi-le-gri-me hast
bort, så bør det mig at skri-de fort den vei som Gud mig fører.

Nedteikna av Klara Johannessen. KJ-16.

På Karmøy har og Gunnar Arneson skrive ned 18 melodiar. Desse er heimfesta til Kopervik, Avaldsnes og Åkra.



Et barn er født i Bet-le hem, i Bet-le hem - ti
gle-der sig ja ru-sa dem. Hal-le-lu ja, hal-le-lu ja.

Nedteikna av Gunnar Arneson. HBGA-12.

Denne julesalmen er kanskje den som har fått flest lokale variantar rundt omkring i landet, alle bygde på den gamle middelalderkoralen som Gunnar Arneson har notert under til samanlikning, slik han står i E. Hoff's koralbok. Som eit døme på mangfaldet tek eg her og med ein annan variant, skriven ned etter opptak med Henrik Kleveland (f.1879), Øvre Vats:




Men ukse der og æ - sen sto, og æ - sen sto, og
 så den Gu-d og Her-re god. Ha-le-lu-jå, ha-
 le-lu-jå.

*Nedteikna e. opptak med Henrik Kleveland, Ø.Vats,
 RFA-7147 (NFS). RAM-96.*

Torkell Haakull har skrive opp 17 melodiar etter Enok Vestre. Holger Barkved fekk kopi av desse og fekk dermed bevart dei for ettertida.

Alle desse notesamlingane inneheld så å seie utelukkande salmetonar. Om det dermed vil seie at det berre var salmetonar som blei sunge, er vel heller



Den elskte Jesu - sa-lens lengsel mig nøder å l-le til
 Je-sum som dæm til Noa i arken å hvi-le; ak hadde jeg
 vinger som ørnen sig svinger! jeg vil de opfare fra alt hvad mig
 svinger og stinger.

Nedteikna av Torkell Haakull. HBa.4615/1144-3.


usikkert, sjølv om desse godt kan ha vore dominerande i bildet. Men det kan vel og ha vore slik at desse innsamlarane har vore særleg interesserte i salmetonane. Dermed spurte dei heller ikkje etter anna stoff. Kva dei hadde funne om dei så hadde gjort, er vanskeleg å svare på i dag. Tekstane nedskrivne av Torkell Mauland kan likevel gje ein peikepinn. (sjå nedanføre).

I intervjumaterialet har vi mange utsegner som støttar opp om dette at dei eldre hadde ein annan syngemåte enn den vi i dag er vant til - dei som kan hugse noko om dette, forklarar det gjerne slik at dei hadde slike "sløyfer" eller "svingningar" på tonane. Lyttar vi til dei gamle opptaka, finn vi nettopp døme på dette. Vi finn og tonehøgder som er framande for den tempererte skalaen. Klara Johannessen bruker eit kryssteikn for å merke av desse tonane. Ho er elles den einaste av nedteiknarane som noterer noko om dette. I dei tilfelle der vi har både noter og opptak etter same informant, finn vi elles fleire døme på at rytmikken er meir komplisert enn det notenedteikningane gjev inntrykk av. Ofte høyrer vi og forslag og ornamentering som vi ikkje finn i notene.

Den som vil nedteikne t.d. ein salmetone på notar, må gjere fleire val. Kven skal bruke noten? Skal noten brukast til forsking, vil ein ta med så mange detaljar som mogeleg. Men ein slik note blir fort uleseleg. Kva ser innsamlaren som viktig å ta vare på? Sjølv melodien? Då treng ein ikkje alle desse "krullane". Er det viktig å få dokumentert sjølv framføringsmåten? Då blir nettopp desse detaljane saman med avvik i rytmikk og tonehøgde viktige. I ei tid då det var mange som song slik, ville nok ikkje dette vere så viktig å få dokumentert. Det er først i seinare tid ein har konsentrert seg meir om slike detaljar. Dette er sjølv sagt mykje enklare når vi kan lytte etter detaljane på eit band vi kan spole fram og tilbake.

Ei notenedteikning må altså sjåast utifrå tida då ho vart laga, og kven ho vart laga for. I tillegg må vi vere klar over at ei notenedteikning - og eit opptak for den saks skuld - berre viser ei einskildframføring. Det kan vere at informanten varierer både melodiline og ornamentering frå framføring til framføring. Dette er faktisk eitt av særdraga ved ein munnleg tradisjon. Slik kan det vere interessant å la same informant synge inn dei same salmane (t.d.) ved fleire høve.


Nedanføre kjem eit døme på 3 ulike nedteikningar av same melodien, alle nedteikna etter same informant. Torkell Håkull si nedteikning syner klare variasjonar i melodilina, sett i høve til dei to andre. Mi nedteikning har med fleire detaljar, men melodilina er elles temmelig lik den i Holger Barkved si nedteikning.



Nedteikna av Torkell Håkull. HBa.4615/1144-17.



Nedteikna av Holger Barkved. HBa.4614/1144-44.



Nedeikna. av Ruth Anne Moen, e. opptak. RFA-7063. RAM-98.

Det er viktig for den som les notene, å ha i minnet at notematerialet i seg sjølv er utilstrekkeleg som kjeldestoff. Notene må tydst utifrå kjennskap til tradisjonen i området, eller i nærliggande område.

Tekstsamlingar

I tillegg til notesamlingane har vi nokre tekstsamlingar utan melodi. I serien til Torkell Mauland (1848-1923), "Folkeminne fraa Rogaland" bind 3 (Oslo 1935), er det med ein god del tekstar skrivne ned både på Karmøy (Torvastad, Avaldsnes), i Vats og Skjold. Dette er stoff samla i første del av dette hundreåret. Og her ser vi eit større mangfald enn lyd- og notematerialet viser. Her finn vi mellom anna to stevtekstar nedskrivne på Avaldsnes:

Lat spelemann spela, lat felo laata!
Lat oss faa dansa, me'n me er kaate!
Spelmann spela, lat felo gaa!
Slik sleng paa kar sku du aldri sjaa.

Du tarv kje syta, Mari Prestegarden,
um du kje faar denne kapperalen;
det kunde vera ei vingle von,
du kunde faa han Kjetel nord i Sund. (Avaldsnes)

Melodiane slik dei har vore på Avaldsnes, kjenner vi ikkje, men det finst opptak med fleire stevtonar frå Ryfylke, og desse kan sjølv sagt brukast. Vi finn og tekst til ein av dei gamle skjemteballadane, "Truls med bogen":

Han Truls han tente i kongens gaard,
fekkk fira og tjuge dalar i fem hundrad aar.
"Lito løn!" sa han Truls med bogen.


Han Truls tok kongen og sette imot vegg,
og reiv so av han baade haar og skjegg.
"No er du snaud," sa han Truls med bogen.

Han Truls han lakka nedaat ei elv;
der saag han tvo rakkarar som flaadde ei merr.
"Ser du dei?" sa han Truls med bogen.

Den eine han tok ville heio fatt,
den andre han rende lukst paa ein knatt.
"Sam satt!" sa han Truls med bogen.

Han Truls han sette bogen fyr fot
og skaut ein bjødn i hjartansrot.
"No er du daud!" sa han Truls med bogen. (Torvastad)

Eg har ikkje truffe nokon på Karmøy som kjenner melodien som har vore brukt, men det finst ein melodi nedteikna i Suldal som høver godt.

Tekstar med meining?


Eva talde bodnæ sine, snært va' syttu æ telja
 To i olfe, tri i bru, fira sanker gold i skrud,
 fem blinde stonda, seks på land, sju på strand, åtte i Øya-smoict,
 ni i Nitrådalen, tolv på Ysta fjedle, sytten hædd'u heima.

Trad. Skudenes.

Etter nedteikning av lærarar og elevar v. Skudeneshavn skole.

Det er gjerne gygra eller huldra sine born dette? Dei gamle tekstane er ikkje alltid like lette å finne meining i. Teksten er her skriven ned slik eg har fått han frå Skudeneshavn skole. Denne regla finst i ulike variantar fleire stader i Rogaland. Her kjem ein tekstvariant frå Bjerkreim, som har mykje til felles med Skudenesvarianten:

Tora talte borne sine, snare sytti telja:

To i heie, to i bu,

to sankar gull i skru',

fem blinde stanna,

seks på land, sju på strand,

åtte i Øyestølen, ni i Neredalen,

tolv i Tyndrefjedlet,

og sytten he' u heima.

(e. Selma Gåsland, Bjerkreim)


Ved å samanlikne desse to finn vi følgande:

1. Det skal bli 70 tilsaman, men i Skudenesteksten er det 3 for mykje. I Bjerkreimsvarianten stemmer det med talet 70. Då det er eit viktig poeng med visa i tradisjonen at tala skal stemme, er det truleg at nokre av tala kan ha blitt endra undervegs i traderingsprosessen.
2. "To i olje" - høyrest litt merkeleg ut. Kan dei ha sunge noko som liknar? Eller har "olje" ei eiga lokal tyding? I Bjerkreimsvarianten heiter det "to i heie". At "to i olje" har glidd inn i regla, som elles gir nokonlunde meining, har nok samanheng med at slike regler meir blir oppfatta som ordspel og rytme enn som meiningsberande. Dette kan og vere ei forklaring på at tala ikkje lenger stemmer.
3. "Tri i bru" - Bjerkreimsvarianten har "to i bu". Ein kan kanskje tenke seg at dei har sunge "bu" på Karmøy og, elles skulle det gjerne vore "tri på bru"?

Det er sjølvsagt freistande å endre litt på teksten, slik at vi finn meining i han. Vi skal elles vere varsame med å endre på tradisjonsstoff vi får direkte frå kjelder, til slik vi trur kan ha vore det "opprinnelege". Det kan jo vere vi som misoppfattar - same ord kan t.d. ha fleire tydingar, også tydingar som har gått ut av bruk i vanleg tale. I dette tilfellet har vi rett nok temmeleg eintydig informasjon frå fleire kjelder i andre område. Det sikraste vil likevel vere å prøve å finne fleire kjelder i Skudenesområdet.

Sirivisa

"Sirivisa" blei godt kjend utover landet då nokre medlemmer av Noregs Ungdomslag sette dansemåte til ho. Tidlegare har visa helst halde seg i Vikedal, i delar av Ryfylke og i Ølen/Etneområdet i Sunnhordland. Elles i landet ser ho ut til å vere heller ukjend etter gamalt. Arne Bjørndal noterte visa ned etter Johannes Kreutz Magnus i Vikedal i 1920.



Nedteikna av Arne Bjørndal (AB 1477).

Han hadde lært visa av bestemor si, Anna Maria Kristina Magnus (1796 - 1886). Kanskje budde Siri i Vikedal ein gong tidleg på 1800-talet?

Kva er lokal tradisjon?

Mykje av folkemusikken er vandrestoff. Tekstar og tildels melodiar har vandra over heile landet, mellom dei nordiske landa og tildels heile Europa og endå vidare. Jo eldre stoffet er, jo meir kan det ha vandra. Samstundes kan stoffet bli svært så ulikt forma frå stad til stad. Stoff som har "levd på folkemunne" i fleire generasjonar, kan etterkvart få eit mangfald av variantar. Stoffet blir prega av lokal dialekt både i musikk, dans og talemål, stadnamn blir bytte ut, nye melodiar blir laga til gamal tekst, ny tekst til gamle melodiar. I tillegg set den einskilde utøvar sitt preg på stoffet. Slik blir det svært vanskeleg å finne opphavet til det eldste stoffet.

Ro, ro

Nokon vil kanskje tru at alle desse stubbane som startar med "Ro ro", måtte vere eit typisk kystfenomen. Men no er det jo slik at ein kan ro på elvar og innsjøar og. I alle høve ser det ut til at "Ro ro"-stubbane er like godt representerte over heile landet, og dei er kanskje av det barnestoffet som er mest utbreidd. Det finst vel ikkje nokon her i landet som ikkje som born har sunge ein eller annan variant av "Ro ro til fiskeskjer". Eg var likevel godt vaksen før eg oppdaga at ein faktisk ikkje berre rodde til fiskeskjer, sjølv om det og kunne gjerast på mange slags vis, både når det gjeld tekstar og melodiar. Men, nei, dei rodde til Siraland og. Eller berre til Sira, til Balta, til Baltaskjer, til Håskjer og eg veit ikkje kva. Her finst verkeleg eit mangfald, og her er sikkert mykje meir å finne. Eg tek med eit døme frå arkivet:



Nedteikna e. opptak med Martine Skipevåg, Imsland, RFA-7145 (NFS). RAM-93.



Martine Skipevåg.

Ola Skipevåg, son til Martine fortel at mora og spelte torada durspel. Foto: Privat eige.

Her kjem et døme frå Torkell Mauland si samling:

RO RO RESKJE

Ro ro Reskje.

Baaden va av fleskje,
mastro va ein pylsepinn,
segle dæ va kurvaskinn.

So sigla me inn, so rodde me ud,
so rodde me heim um mor hans Knud,
og der fekk me kaga og lepsa. (Vats)

“Ro ro” blir gjerne assosiert med byssing av barnet i vogga. Her er nok eit døme frå arkivet. Ein kan jo gjere seg ulike tankar om innhaldet i denne:

Ro ro rulte, badne det e svulte. Mor hu'ul gi' det mat,
for han vil slå det bål med ei store ski-a. Dæmæ badne tia.

Nedteikna e. opptak med Ingrid Marvik, Imsland, RFA-7146 (NFS). RAM-91.

Eller kva med varianten nedanføre, der kan ein leve seg inn i skjebnen til julegrisen med familie:

Ro ro te. Balte, grisen ligg' i salte. Sugga går og grete.

Itte kjeme like grisen, spore ka så le-te.

Nedteikna e. opptak med Ingrid Marvik, Imsland, RFA-7146 (NFS). RAM-91.

Kysttradisjon?

Men er det så ikkje noko stoff som er meir typisk for området?

To mæger og ei krå-ga sette seg på bå-den 'ans

pæp-pæ. Så tog 'an pappa opp ein stein og

slo den kråga på sitt bein. Kråga' hu gråd så

så-re, mægen han felt' i lelje tår-re.

E. Daniel Aadnesen, Skudenesbavn. E. nedteikning av lærarar og elevar ved Skudenesbavn skole.

Dette må vel vere ein typisk kyststubb - det er t.d. lite måkar å finne i barnestubbane borte i Telemark. I Rogaland er det da og i kyststroka vi finn denne stubben - kråka sin skjebne varierer elles noko:

To maakar og ei kraaka
 sette seg paa baaten hans papa.
 Papa tok ein stor'e stein
 kasta paa kraako og gjorde ho mein;
 kraako ho laut daua,
 slo henne midt i auga.

(Kvitsøy, nedskrive av Torkell Mauland)

To måger og ei kråga
 satte seg på båden te 'an pappa
 Så kom der ein maur
 med ein staur,
 slo den krågå på si rau.
 Krågå sukka såra
 så rompå falt i tåra.

(e. Tobjørge Hansen, Stavanger,
 frå "Sulla meg litt", red.
 Mæland Sydnes)

Eller kva med denne karen:



Slåttestev til reinlender, trad. Karmøy. Nedteikna e. opptak, RFA-7274 (AB).
 RAM-96.

Kven denne Jokkum Syver var, har eg ikkje fått vite, men det er sannsynleg at det har vore ein gamal original. Kanskje var han fødd på Karmøy ein gong i førre århundret? Denne teksten, lik den med måkene, ber preg av å ha blitt til ved kysten. For dei som ikkje har greie på seglbåtar: "klyver" er nemning for eit av segla.

Informanten til denne stubben hadde lært han av broren, som var mykje ute på brislingfiske. Dermed veit vi ikkje sikkert om dette opprinneleg er ein karmøystubb. Informanten meiner elles at det er noko meir på han. Om han meiner melodien eller teksten, er noko uklart. I alle høve er det nok meir på melodien - dette er truleg eitt av to vek på ein reinlenderslått. Men det er ikkje så uvanleg at det berre er eine veket det har festa seg ein tekst til. I dette høvet er det nok teksten som har gjort at iallefall halve slåtten er

bevart - eg har ikkje treft på nokon som spelar denne i tradisjon. Men slåtten er fin den - og så er det opp til spelefolket i dag å dikte seg til eit vek til. Eller kanskje det likevel finst einkvan som hugsar slåtten etter gamalt?

Spel og dans

Vi veit lite om dansespelet i dei ytre stroka av Rogaland. Men vi veit at dei har spelt fele - helst då vanleg fele, ikkje hardingfele som i dei indre stroka, t.d. Suldal.

Det har endåtil vore folk som har laga feler. I Karmøy Bladet 11. november 1955 står det ein artikkel om ein felemakar på Karmøy, Nils Hansen (f.1899) frå Sør-Håland. På intervjutidspunktet hadde han laga 23 feler. Tru om det finst nokon på Karmøy som spelar på ei av felene hans i dag?

Og dei har dansa dei gamle dansane som gjerne blei kalla springar og halling. Agnes Høivik (f.Svinelid) frå Tysvær fortel at far hennar, Ådne Johanneson Svinelid frå Ørkje, dansa halling. Ho hadde sett han danse fleire gonger og kunne forklare ein del om korleis det gjekk føre seg. Ho fortel m.a. at han gjorde forskjellige kast - stundom spente han i bjelken, og at dei "svingde voldsomt rundt". Han brukte å ha med seg ei nabo jente i dansen. Agnes Høivik har og høyrte dei gamle snakke om springaren, men den såg ho aldri. Ådne Svinelid var fødd i 1850, så dette ligg eit stykke bakover i tida. Det var og ein annan kar frå Ørkje, Knut Østerli, som skal ha vore god til å danse halling.

Torkjell Espevoll frå Dalen i Vikedal fortel at det var gamle som kunne danse springaren då han var ung. Han hugsar t.d. Lars Nes dansa - det måtte ha vore kring 1925. Han fortel og om ein Johannes Ørnes (født ca.1890), som spelte fele. Han spelte mykje til dans nede på ei gammal trebru, som gjekk over elva ved Ørnes. Av spelemenn i tidlegare tider nemner han "Guri-Lars" og "Gøril-Lars". Dei budde begge på garden Espevoll.

Sigvald Johannes Eikeland, f. 1888 på Kalvhagen under Fikstveit, var både felemakar og spelemann. For felene han laga, fekk han 100 kroner stykket. Ei av dei blei endåtil premiært på ei utstilling. Sigvald Eikeland spela m.a. i fleire bryllaup og sikkert óg til dans elles.

Leif Andreassen Rørvik (f.1909) frå Skjoldastraumen spelte fele, til liks med fleire av søskena sine, men det var slutt på felespelet til dans då. Han hadde lært å spele av faren, som var ifrå Rørvik på Ropeidsida av Sandsfjorden. Far hans igjen, som og spelte fele, kom ifrå Fjellberg i Suldal. Leif Rørvik tralla inn på band litt av ein springar han kalla "Gamle Fjellbergen" - truleg ein utvandra suldalsslått. Han nemner elles ein "gamle Gullhaugen" i Skjoldastraumen som kunne spele gamle slåttar. Nils Olav Østrem meiner



Sigvald J. Eikeland.

Foto: Privat eige

dette må vere Ola Olsen (Meland), f. 1817. Han var husmann under garden Ikdal (Neset eller Dalsneset) og spelte mykje i bryllaup.

Ein felespelar som er fødd på Gaupås i Skjold, men som blei namnkjend som spelemann i Setesdal, var Petter Strømsing (1759 - 1836). Han var av fanteslekt ("Vardølane") og var alt flytta frå Skjold då han kjøpte seg fele, 15 år gamal. Det finst fleire slåttar etter han i Setesdalstradisjon, t.d. ein dei kallar "Strømsingen".

Ein felespelar som skal ha spela mykje til dans på Karmøy i tidlegare tider, er han som gjekk under namnet "Fjonaren", Endre Hansen Fjon. Det kan vere mange som har lært slåttar etter han. Han var fødd på Fjon i Sveio i 1839, men flytte som vaksen til Haugesund. Dei fortel at han skal ha vore henta inn for å spele for prins Oscar (seinare kong Oscar 2.) då han vitja Karmøy i 1872, og at prinsen roste spelet hans. "Fjonaren" spelte truleg springar, halling og brureslåttar, men og vals og reinlender, som jo var meir nymotens den gongen. Han var mykje nytta som spelemann i bryllaup.

Av andre spelemenn på Karmøy i tidlegare tider kan nemnast Holger Hillesland (1838-1913), Ola Larsen Stava (f.1817), Josef Tjøsvoll (1813-1890) og Ole Olsen Ferkingstad (1855-1949). Alle desse spelte fele til dans og i bryllaup. Ole Olsen Ferkingstad var og mykje brukt som kjøgemeistar.

Når det gjeld utviklinga av dansespelet, ser vi elles den same tendensen som i andre strok nær kysten. Den gamle felemusikken forsvann tidlegare her enn i dei indre stroka. Etter kvart kom så valsen, fylgd av reinlendaren og dei andre dansane vi i dag ofte omtalar som "gammaldans". Det er elles få av dei gamle i dag som dansa til felespel i ungdomen. Durspelet - først "einrasta", så "dobbelrasta" trekkspel (toradar) og seinare det kromatiske

trekkspelet overtok dansespelet tidleg. Og desse instrumenta var ikkje interessante for den tidas samlarar. Vi veit derfor lite om det tidlege spelet på desse instrumenta og om i kor stor grad dei plukka opp stoff ifrå felespelet. Vi veit elles generelt at trekkspelet ofte ikkje var så knytt til lokale kjelder - dei plukka etterkvart mykje stoff frå radio og platespelar då desse kom, og det gamle stoffet forsvann. Trekkspelet var og mykje knytt til slusken, som for vide omkring.

Til dans kunne elles munnspelet og gjere nytten. I arkivet på Rff-senteret finst døme på slikt dansespel, m.a. frå Vikedal.



*Bygdespelemannen
Endre Hansen Fjon («Fjonaren»)
frå Sveio, f. 1839, og kona
Anna Tjærandsdotter Tveit.
Han budde på Hauge, Hgsd.,
det siste året han levde,
og døydd der.
Foto: Karmsund Folkemuseum.*

Bruremarsj etter Simon Pedersen Stol

Det er likevel noko av det gamle slåttespelet som har overlevd - gjennom tralling! I arkivet finst det eit slikt opptak av ein feleslått etter ein spelemann frå Karmøy, Simon Pedersen Stol (f.1878). Dette er nok ein bruremarsj.



Nedteikna e. opptak (tralling), RFA-7274 (AB). RAM-96.

Dette er ein slått som gjerne kan takast i bruk att - er det nokon som går i giftetankar?

Same informanten nemner og ein annan felespelar, Nils Olai Stava (f. 1908), som han trallar ein reinlendarstubb etter. I boka til Martin Gjersvik, "Spor dei sette - 3 " (Åkrehamn 1995), er det råd å lese meir om dansespelet på Karmøy oppigjennom tidene.

Det finst ikkje bevart korkje springar- eller hallingslåttar frå området. Men vi kan likevel ha tankar om korleis tradisjonen har vore, ved å samanlikne med spel frå nærliggande område, t.d. Suldal og Tysnes. I begge desse områda finn vi den gamle "udelte" springaren (inga systematisk markert tungtakt) - ei form som peikar langt bakover i tida.

Over heile landet finn ein segner knytte til felespel. Martin Gjersvik refererer til ei gammal segn frå Uglesmau på Fosen, fortalt av Birger Johannessen:

"Lindøy var ein gong ei øy utan vegsamband med Fosen. Ein gong for lenge sidan rodde eit brurefølgje gjennom sundet. Dei ståka og spelte slik at berget rasa ut og laga ei steinur mellom Lindøy og Fosen. Raset tok med seg heile brurefølgjet, og ura mellom Lindøy og Fosen vart kalla Brurerøysa. Kva instrument som gav så høg frekvens at berget rivna, seier saga ingenting om. I stille, månelyste netter kunne ein i gamle dagar sjå og høyra brudgommen som ropa og leita etter brura si."

Dei funderer på kva for instrument som fekk berget til å rivne. Kan hende tenkjer dei på fela? Det skulle nok passe bra i hop med all overtru som har vore knytt til nettopp dette instrumentet. Men no veit vi òg at det var vanleg å saluttere med børs i slike høve. Så det er vel heller truleg at det er børseskot som har utløyst raset, ikkje felelæte.

Songleik

Ein tradisjon som helst har levd sitt eige liv, er songleiktradisjonen. Den har vore sterkast i byane. Nokre av leikane har mest vore brukte blant born, medan andre har vore brukte blant ungdomen når dei ikkje hadde musikk å danse til (- evt. når dei ikkje fekk lov til å danse etter musikk -). Vi ser og at leikar som tidlegare var brukte blant ungdomen, etter kvart går over til å bli barneleikar. Dagens klappeleikar er delvis ei vidareføring av denne tradisjonen.

Leiken "Bro bro brille" hadde tidlegare mange lokale variantar. Då heitte det "Bru bru breie" eller liknande. Her kjem eit døme på ein slik lokal variant, nedskrive etter Johanne Hallingstad frå Vikedal:



Bru bru breie, bruna' ligge bratt orde' hei-e, med
 stolpar og naglar og alle gode greie'. Jo, jo, likeså, den
 siste fuglen som etterpå' kjem, han ska me gripa oppi ei kipa, og
 han ska heita vi - på!

Nedteikna e. opptak med Johanne Hallingstad, Vikedal. Rff-857. RAM-87.

Johanne Aga (f. 1920) song desse strofene av ein songleik frå sin barndom i Haugesund:



Jeg vil ikke ha deg, men jeg får vel ta og danse med deg lite -
 granne. Denne piken syns jeg enda bedre om,
 henne vil jeg evig elske. Snu om i ring

Nedteikna e. opptak med Johanne Aga, RFA-7277 (AB). RAM-97.

Det er sikkert fleire som kjenner att denne?

Skillingsvisene

I Årbok for Karmsund 1966-76 har Per Qvale skrive ein artikkel, "Haugesund i skillingsviser". Her trekker han fram fleire visetekstar som omhandlar lokale hendingar. Om skillingsvisene generelt skriv han følgande:

"Skillingsviser er betegnelsen på de utallige visene som ble trykket i små hefter, 4-8 sider, og solgt i store mengder for en rimelig penge. De tok sikte på å nå ut til det jevne lag av folket. Men fra først av ble skillingsvisene laget for overklassen, ofte av kjente menn i tiden. De eldste visene hadde oftest religiøst eller belærende innhold, selv om også leilighetsviser forekom."

Ei av dei lokale visene han trekker fram, er ei vise på 12 vers, skriven av P.A.A. Seivaag. Qvale gjengir bare teksten, men over teksten står følgande: Melodi: "O store Gud og verdens skaber". I arkivet finn vi eit opptak av denne, sunge inn av Selma Gåsland frå Bjerkreim. Melodien ho syng, passar godt til visa. Kanskje finst det òg folk i Haugesund som kjenner att melodien?

EN BERETNINGS-SANG OM DEN SØRGELIGE TILDRAGELSE SOM FOREGIKK PÅ RØVÆR VED HAUGESUND

den 14de Oktober 1899, i det en Skjøite med 30 Mennesker sank til Bunds, hvorved alle disse fandt sin Død i de brusende Bølger.

Hvad som er hendt i disse Dage, det nu af mange mændes
kan, hver knisten sjæl maa felde Taarer og sukke dybt udi sin
Aand. Som nu jeg lader her be-skrive, det mange visst til hjertet
gaar. Vi er kun Støv, ja Muld og Aske, og gaar i Fæ-re hvor vi gaar

Melodi e. Selma Gåsland, nedteikna e. opptak, RFA-7016 (NFS). RAM-98.

Paa Røvær der for nylig hændte en sørgelig Tildragelse.
 En Skøite skulde der uddrage med Venner og med Slæktninge,
 og hen til Haugesund dem skulle, kun med et Lig at jorde ned.
 Og dette dem sin Pligt udførte paa Kirkegaardens Hvilested.

Men, ak, da dem tilbage reiste, fra Haugesund til Røvær hjem,
 en Storm af sydvest Herren sendte, som blev en Skræk for disse Mænd.
 Enskjøndt det var et Taagemørke, og Skjøiten stødte da paa Grund,
 Dem alle hver i Armen styret, og sank saa ned paa Havets Bund.

.....

Under viseteksten står følgende:

“Sangen bør forefindes i ethvert Hjem, til et Minde og Advarsel for dem som færdes paa de graadige Bølger. En Trediedel af Sangens Prisindtækt vil Forfatteren uddele til de forulykkedes Efterladte.” Datert 2. mars 1900.

Ei anna vise Per Qvale trekker fram, er “En sørgelig Vise om fem Mennesker, som Ilden fortærede paa Gaarden Brække i Torvestad Sogn.” Han tippar at dette kan ha skjedd ein gong i 1880-åra. Visa er skriven til salmetonen “O kjære Sjæl frygt aldrig mer”, kjend som gravferdssalme i Suldal. Salmen finst i arkivopptak. Ein skal likevel vere klar over at gravferdssalmene, eller liktonane som dei ofte vert kalla, hadde ein særeigen framføringsmåte, noko ein må ta med i vurderinga dersom ein skal hente fram denne tonen i arkivet og føre han over til skillingsvisa.

Nokre av salmane i notesamlingane frå Karmøy er truleg blitt brukte som liksalmar. Elles framfører Enok Vestre eit par slike.

Kan vi finne meir?

I om lag 150 år no har det her i landet vore drive meir eller mindre systematisk innsamling av folketradisjonar innan song og spel, og etter kvart óg dans. Nokre utvalde “kjerneområde” blei prioriterte. Rogaland hørte ikkje til desse - her kom ein ikkje i gong før i starten av dette hundreåret, då Olav Sande reiste rundt med noteblokk og Rikard Berge skreiv ned stev og viser i Suldal. Første lydopptak er ifrå 1948, og det var det NRK som sto for. Det er eit opptak med tre “liksongarar” frå Suldal - eksotisk nok til å bli rekna med i landssamanheng.

Spennande er det å tenke seg kva ein kunne fått med seg om ein gjekk omkring med bandopptakar, t.d. på Karmøy i 1870. Ville vi i dag hatt eit stort slåttemateriale frå Karmøy? Det er kanskje slik at det eldste stoffet, då det gjekk ut av den levande tradisjonen (gamalt slåttespel, middelalder-

balladar), kunne ha blitt redda dersom Rogaland hadde vore med i denne første innsamlingsbølgja - for ikkje å snakke om dersom bandopptakaren var oppfunnen i 1870. Innsamling eller ikkje innsamling - i somme delar av landet har faktisk slikt stoff vore ført vidare i levande tradisjon, uavhengig av noka form for systematisk innsamling. Det kan difor sjå ut til at tradisjonen i alle høve ikkje har vore så sterk her. Vi skal heller ikkje sjå bort ifrå at dei mange religiøse vekkingane i forrige hundreåret, og tidleg i dette, kan ha vore ei sterkt medverkande årsak til at det gamle felespelet, og dansen med dette, gjekk tapt. Mange utsegner stadfestar nettopp dette.

Så har området til gjengjeld ein stor skatt i dei mange bevarte salmetonane frå gammal tid. Her er mykje musikalsk spennande, og ikkje minst komplisert stoff. Så er det vel ikkje tilfeldig at det var nettopp dette stoffet som fanga interessa til dei første innsamlarane her?

Kva så med oss som driv innsamlingsarbeid i dag? Alt for 150 år sidan fekk dei høyre at dei var ute i "tolvte time". For innsamlarane har det vore mest interessant - og påkrevande - å ta vare på det som er i ferd med å bli borte. Det som lever i beste velgåande, klarer seg jo sjølv. Skillingsviser, barnesullar og runddansmusikk var ikkje interessant nok i starten av dette hundreåret, men i dag er også mykje av dette på veg ut. Slik blir det å dokumentere folkelege song-, spel- og dansetradisjonar eit evigvarande arbeid. Det er òg i dag ei aukande forståing for at ein og bør dokumentere eiga samtid og utøvarar på høgda av sin "karriere".

Dersom vi no tenker oss eit framhald av feltarbeidet i Karmsundområdet, kva kan vi vente å finne?

Det er nok lettast å ta fatt på barnesullane og anna songstoff for born. Eg har alt nemnt mangfaldet av "ro ro"- songar. I tillegg har vi desse om reven og lammet, t.d. "Reven sat i sæte ..", vi har eit utal av songar om katten, t.d. "Katten ligg onde omnen", songar om huldra som lokkar på geitene sine, "He du set nåke te geitene mine" og mykje meir. Av slikt stoff er det nok framleis mykje å finne.

Det skal vel meir til å finne nokon som framleis syng på "gamlemåten", t.d. slik vi høyrer i opptaka frå starten av 50-talet. Ein skal likevel ikkje vere sikker - plutselig dukkar det opp ein eller annan som har vore særleg interessert i å lære å synge slik som bestefar. Uansett kan det vere einkvan som hugsar dei gamle melodiane, sjølv om framføringsmåten kan vere litt meir "moderne".

Finst det fleire viser som er laga lokalt? Her kan det godt vere folk som sit inne både med tekst og melodi. Vandreviser kan og vere interessante å dokumentere - korleis er dei blitt prega av lokaltradisjonen?

Kva så med dansespelet, er her noko å dokumentere i dag? Kanskje finst det fleire som hugsar gamle slåttar og kan gjengi dei i form av tralling? Eller

kanskje hugsar dei ein tekststubb som har vore knytt til ein slik slått? Dei kan og ha historier om spelemenn og dansarar frå tidlegare tider. I dag er det dessutan og aktuelt å dokumentere “nyare” dansemusikk, kva spelte dei t.d. i 1920-åra? Eller kva med å dokumentere dagens utøvarar?

Til slutt: Folkemusikkarkivet er alltid glad for tips om folk som kan eitkvart gammalt - i slike tilfelle meiner vi det er heilt ok å “angi” naboen! (Men de kan jo informere han/ho først.) Folkemusikkarkivet er dessutan ein serviceinstitusjon - vil du vite meir om folkemusikken i Rogaland, er det berre å ta kontakt!

Teiknforklaring til notenedteikningane

˘: tyder at tonen er litt lågare enn notert

˙: tyder at tonen er litt høgare enn notert

˘: tyder litt raskare (ein tone)

˘˘: tyder litt raskare (fleire tonar)

Tilvisningar

RFA- : Viser til bandnummer i Folkemusikkarkivet for Rogaland. Når det gjeld dei fleste opptaka frå 1950-, 1960- og 1970-åra, samt einskilte av dei nyare opptaka, finst originalane delvis i Norsk Folkemusikksamling (NFS) i Oslo, delvis i Arne Bjørndals samling (AB) i Bergen. Originalane til Holger Barkved si lydsamling er i privat eige. Folkemusikkarkivet for Rogaland har kopiar av stoffet.

Rff: Viser til bandnummer i Rådet for folkemusikk og folkedans sitt arkiv på Dragvoll (landets einaste dansearkiv). Folkemusikkarkivet har kopiar av delar av stoffet.

HB -: Holger Barkved si notesamling. Originalmaterialet finst i Norsk Musikksamling, Universitetsbiblioteket i Oslo. Kopi av Gunnar Arneson si samling og Torkell Håkull si samling finst og i denne samlinga. Folkemusikkarkivet i Rogaland har kopiar av alt stoffet.

KJ -: Klara Johannessen si notesamling. Kopi av Klara Johannessen sitt handskrivne manuskript finst i Folkemusikkarkivet si samling. Original i privat eige.

RAM - : Nedteikna av Ruth Anne Moen, etter opptak, eller direkte etter informanten. Talet etter initialane viser til årstal for nedteikninga. Dersom nedteikningane er gjort etter opptak, er det og tilvisning til bandnummer.

Litteratur

Martin Gjersvik: "Takt og tone" og miljøet omkring song og musikk på Karmøy. ("Spor dei sette 3", Åkrehamn 1995)

Torkell Mauland: "Folkeminne fraa Rogaland", bind 3 (Oslo 1935).

Anna kjeldestoff

Lydmateriale frå Folkemusikkarkivet for Rogaland (song, spel, intervju).

Lydmateriale frå Rådet for folkemusikk og folkedans sitt arkiv.

Samtale med Nils Olav Østrem (om spelemenn i eldre tid).

Informasjon frå eige feltarbeid.

På tampen

Rett etter eg hadde skrive denne artikkelen, fekk eg tilsendt nokre av Olav Hovda sine notatar frå Karmøy frå 1930- og 40-åra. Det er Nord-Karmøy Historie- og Ættesogelag som har teke vare på desse. Her kan ein finne fleire tekstar frå området, opplysninger om informantane, dessutan Hovda sine eigne tankar omkring dette. I Hovda si samling merka eg meg særleg ei vise kalla "Avaldsnes-visa". Det er ei vise på heile 33 vers, skriven av los Svend Jakobsen, Høge-varane, kring 1895. Eg tek med eit par vers og håper samstundes at det melder seg einkvan som kan melodien!

*Tiå bu fedle meg dygtig long
- sjere vere vippam bømm bømm bømm,
så renne eg meg te å dikta ein song
- sjere vere vippam bømm.
Sjitt, la det bli så uffjelt så det vil,
sje vere vippam bømm bømm bømm,
nåke så verte det vel allti til -
sjere vere vippam bømm.
Om Avaldsnes eg syngja vil
- sjere ...*

*når berre du nøye vil høyra til
- sjere ...
Eit paradis de e de, sannt,
- sjere ...
med tri par kongar, sjøl om
resten e fant
- sjere*

Forutan Avaldsnes er følgande stadnamn med i visa (eg skriv dei slik dei er skrivne i viseteksten): Utvik, Vedle, Våje, Øygaren, Sjeie, Hindaråker, Luren, Landå, Visnes, Fiskånå, Matland, Kolste, Ryggje, Meland, Håvik, Rinjen, Helgaland, Tjoland, Våga, Fosen, Lindøynå, Føre, Føresfjord, Skre, Stødle, Kolnes, Aksnes, Rabben, Mykjå, Åsen, Tuastad, Røksund, Ramsvikjå og Vormedal.

Her er mykje lokalhistorie i desse versa!